



Gunnar Sjursæter
Leknesvegen 95
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3003 - 20/3573

Saksbehandlar:
Astrid Irene Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
22.01.2020

Registrert defekt utløp i septiktank - gbnr 195/234

Tiltak:

Utbetring

Byggjestad: Gbnr: /195/234

Tiltakshavar: Gunnar Sjursæter

Lindås kommune (no Alver kommune) har den 23.08.2019 motteke melding frå NORVA 24 om at utløpet i septiktanken på eigedommen din, med gnr. 195, bnr. 234 p Leiknes, er defekt, jf. sak nr. 18/2567. Utløpet er glidd i frå og septiken renn rett ut i grunnen. Ved kontakt med Norva24 den 22.1.2020, stadfestar sakshandsamar der at dei ikkje har motteke melding om at den ulovlege tilstanden er utbetra.

Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7 andre ledd.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 29.02.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra det defekte utløpet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra ein avløpsleidning/anlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingsloven § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Irene Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Gunnar Sjursæter

Leknesvegen 95 5915

HJELMÅS